



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/2204 - 14/15545

Saksbehandlar:  
Harald Solheim  
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:  
25.06.2014

## Namnesak - Votno - gbnr 170 - Vatne - Seim

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing

Harald Solheim  
saksbehandlar

Andre mottakere:



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
061/14	Plan- og miljøutvalet	PS	14.05.2014
057/14	Kommunestyret	PS	12.06.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Harald Solheim	14/2204

## Namnesak - Votno - gbnr 170 - Vatne - Seim

### Vedlegg:

Vatne

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vegnamnet Votno vert endra til Vatne

### Plan- og miljøutvalet - 061/14

#### PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### PM - vedtak:

##### Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Vegnamnet Votno vert endra til Vatne.

### Kommunestyret - 057/14

#### KO - behandling:

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vart samrøystes vedteke.

#### KO - vedtak:

Vegnamnet Votno vert endra til Vatne

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

- Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet
- Saka skal avgjerast i Kommunestyret

#### Bakgrunn:

Oppsitjarane på garden Vatne på Seim har klaga på fastsetjing av stadnamn/adresse på garden Vatne

vart endra til Votno som ei forvrenging både av skrivemåten Vatne, og uttalemåten: Vøtnå.

Gardsnamnet Vatne finn ein med denne skrivemåten heilt tilbake til år 1563 og i klokkarbøker for Alverund/Seim sokn frå 1868. Frå 1800 og fram til 1868 var skrivemåten Vatnet som ein ser ein ubetydleg endring.

Gardsnamn og vegadresse/namn er ikkje det same men namnet på heimstaden er viktig for identiteten og sjølvkjensla.